



**DET KONGELEGE
SAMFERDSSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
19/2744-4

Dato
20. januar 2020

Representantforslag 23 S (2019-2020) fra stortingsrepresentantene Siv Mossleth, Bengt Fasteraune, Nils T. Bjørke, Ole André Myhrvold og Marit Knutsdatter Strand om endring av vegnormal for gang- og sykkelveg

Eg vil vise til representantforslag sendt til Samferdselsdepartementet 16. januar 2019 om endring av vegnormalar for gang- og sykkelveger.

Stortingsrepresentantane fremmer forslag om at det i Statens vegvesen sine vegnormalar som gjeld planlegging og bygging av gang- og sykkelvegar blir utarbeida meir fleksible standardar som tar omsyn til at det er ulik trafikkmengde og ulike behov i ulike delar av landet.

Svar:

Samferdselsdepartementet er allereie i dialog med Statens vegvesen om å sette i gong eit omfattande arbeid med å gå gjennom vegnormalane mellom anna med sikte på meir bruk av funksjonskrav. Eg er viss på at det vil vere mogleg å få langt meir for pengane enn i dag dersom det i større grad leggst opp til funksjonskrav i utbyggingskontraktane med entreprenørane som bygger samferdselsanlegg. I staden for detaljerte krav til materialval og dimensjonering av vegkroppen m.m i utbyggingskontraktane ønsker eg at vegnormalane i større grad stiller krav til funksjonen anlegga skal fylle. Det er også viktig å sjå på om dagens vegnormalar i tilstrekkeleg grad gjer prosjekteigarane insitament til å leite etter dei enkle og rimelige løysingane i prosjekta dei skal bygge. Eg har også gitt beskjed til vegvesenet om at dersom dagens lovverk er til hinder for å endre vegnormalar som vil gje reduserte kostnader, så vil eg vurdere om det kan være naudsynt å sjå på lovendringar. Det kan også vere aktuelt å sjå på løysingar frå vegnormalar i andre samanliknbare land.

Eg deler vurderinga av at det må være effektiv fravikshandtering både no og i framtida. Eg legg opp til at arbeidet som vegvesenet no sett i gang skal ferdigstillast så snart som mogleg. Med denne handteringa vil vi få ei endring av vegnormalane ikkje berre for gang og sykkelveg, men også for øvrige deler av vegnettet. Det er både naudsynt og framtidsretta.

Med helsing

Jon Georg Dale

Kopi
Statens vegvesen